

Foreldreinfo januar 2025

FAU/SU

Det har vore møte i SU den 08.01.25. Referatet finn du [her](#). Det har og vore FAU møte 30.01.25, referatet frå det møtet finn du [her](#).



Søk om fritidsstøtte

Om elev treng utstyr til skulefag (gym, friluftsliv, symjing mm) og privatøkonomien ikkje strekk til, så er det mogleg å få hjelp i Bjerkreim kommune. De kan enkelt søka om fritidsstøtte (bruk QR-lenka nedanfor) eller be skulen om hjelp til utlån av utstyr frå utstyrsbanken i Skjeraberget. Det kan og søkast om støtte til deltakaravgift og utstyr til aktivitetar på fritida.

Les meir om ordninga [her](#).



100-dagarsfest på småskulen

2.trinn feira 100 dagarsfest med ulike 100-aktivitetar som ;

- Stabling av 100 cheerios
- Pusling av sjølvportrett med 10'ar stavar (bilete)
- 100-leik i gym
- Laga tårn av 100 pappkoppar

Veldig kjekk dag for elevane!



PSYKOLOG OG AFTENPOSTEN-SPALTIST
LINE MARIE WARHOLM

Foreldre- revolusjonen



FIRE VEIER TIL
ROBUSTE BARN

Minner om årsmøte for alle føresette. Dette blir felles med barnehagane og Bjerkreim skule. Psykolog Line Marie Warholm kjem og held foredrag om tema robuste barn. FAU håper mange set av 22.mai til det som verkar bli eit spennande foredrag!

Me minner om vinterferien som kjem i veke 9, siste veka av februar som alltid.

SFO har opna for søknadar til neste skuleår. Frist for å søke er 1.mars.

Elles førebur med budsjett, bemanning, timefordeling og aktivitetar for neste skuleår, og gler oss til det våren bringer. 2.februar er rekna som første vårdag, det går mot lysare dagar!

Mvh

Svanhild Gjødrem

rektor

